

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 83/2020

av 12. juni 2020

om endring av vedlegg XI til EØS-avtala (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstenester) og protokoll 37 (som inneheld lista fastsett i artikkel 101) til EØS-avtala

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517 av 19. mars 2019 om gjennomføringa av og verkemåten til toppnivådomenenamnet .eu, om endring og oppheving av forordning (EF) nr. 733/2002 og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EU) 2019/517 opphevar, med verknad frå 13. oktober 2022, europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002⁽²⁾ og kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004⁽³⁾, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala med verknad frå 13. oktober 2022.
- 3) Vedlegg XI og protokoll 37 til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XI til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 5o (utgått) skal lyde:

”32019 R 0517: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517 av 19. mars 2019 om gjennomføringa av og verkemåten til toppnivådomenenamnet .eu, om endring og oppheving av forordning (EF) nr. 733/2002 og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004 (TEU L 91 av 29.3.2019, s. 25).

Forordningens bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgjande tilpasning:

⁽¹⁾ TEU L 91 av 29.3.2019, s. 25.

⁽²⁾ TEF L 113 av 30.4.2002, s. 1.

⁽³⁾ TEU L 162 av 30.4.2004, s. 40.

I artikkel 4 nr. 4 og 5 og artikkel 11 bokstav f) skal henvisninger til unionsretten forstås som henvisninger til EØS-avtalen.

Nærmere regler om EFTA-statenes tilknytning i samsvar med artikkel 101 i avtalen:

EFTA-statene skal delta fullt ut, uten stemmerett, i den rådgivende flerpartsgruppe for .eu.”

2. I nr. 50a (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32019 R 0517**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517 av 19. mars 2019 (EUT L 91 av 29.3.2019, s. 25).”

3. Teksta i nr. 50a (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002) og 50ab (kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004) utgår med verknad frå 13. oktober 2022.

Artikkel 2

I protokoll 37 skal nytt nummer lyde:

”41. Den rådgivende flerpartsgruppe for .eu (europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517).”

Artikkel 3

Teksta til forordning (EU) 2019/517 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 13. juni 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 12. juni 2020.

(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.

For EØS-komiteen

Clara Ganslandt

Formann

UOFFISIELL OMSETJING

UOFFISIELL OMSETJING